

Protokoll styremøte

Møtenummer : 6/2018-2019
Dato : 4. februar 2019
Klokka : 18.00-20.45
Stad : Skei hotell

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)		X		
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly	X			
Emil Hillestad		X		
1.vara Heien, Ingrid	X			
2.vara Grimseth, Stian	X			20, 21, 22
Ryste, Bodil – idrettsfagleg konsulent	X			
Erling Benjaminsen - økonomikonsulent	X			

Møteplan - neste styremøte: 25. mars – Førde, Idrettens Hus

Representasjon:

Nytt frå administrasjonen /orienteringssaker:

- Nytt sidan sist v /styreleiar
- Regionalisering av Hordland og Sogn og Fjordane idrettskrins – «Vestland idrettskrins»
Referat frå arbeidet i interimsstyret
- Orientering rekneskap 2018 v/ Erling Benjaminsen
- Orientering idrettsordningane vgs v/ Bodil Ryste
- Orientering utviklingsavtalen v/ Bodil Ryste

SAKER :

Sak 17-2018-2019 Protokoll frå førre møte
Sak 18-2018-2019 Møteplan 2019
Sak 19-2018-2019 Representasjon
Sak 20-2018-2019 Representantar til idrettstinget
Sak 21-2018-2019 100 års jubileum i 2019, SFIK
Sak 22-2018-2019 «Idretten Vil» - Nytt idrettspolitisk dokument

Sak 17 Protokoll frå førre møte

Vedtak: Protokollen er godkjend

Bakgrunn: Jfr. protokoll frå idrettskrinsstyremøte nr. 5/2018-2019. 23.1.2019

Sak 18 Møteplan

Vedtak: Neste møte 25. mars. Vidare plan leggjast når møteplan for interimstyret er utarbeidd.

Bakgrunn: Det bør utarbeidast ein møteplan for året. Datoar kan sjåast i forhold til møtetidspunkt interimstyret (så langt desse er kjent), samt tingdokument til Idrettstinget i mai. Av det som er kjent per i dag, bør det vere eit møte i mars og eit tidleg i mai. Ein må òg avgjere når det skal vere utdeling av prisen «Årets idrettsnamn», samt utdeling av 40-, 50- og 60-års idrettsmerke (jf. Sak 21).

Sak 19 Representasjon

Vedtak: Styret og administrasjonen fordeler representasjonsoppgåvene mellom seg, og representasjonslista gjennomgåast på kvart styremøte.

Bakgrunn: Administrasjonen har samla ei førebels oversikt over datoar for ting i særkrinsar/region, samt regionale/nasjonale arrangement der idrettskrinsen bør vere representert. Oversikta er lagt ved innkallinga. Ein kan vente seg at det kjem datoar for årsmøte i idrettsråda (årsmøte innan 30. juni), samt fleire tilbakemeldingar frå særkrins/regionar.

Sak 20: Representantar til idrettstinget

Vedtak: Styret oppnemner leiar Nils R. Sandal, nestleiar Arve Heimdal og styremedlem Ruth Sølvi Helland til å representere Sogn og Fjordane Idrettskrins på Idrettstinget.

Bakgrunn: Det er kalla inn til idrettsting 24. – 26. mai 2019. Sogn og Fjordane Idrettskrins har 3 representantar, basert på tal lag per 1. januar 2018. Representantane må oppfylle NIFs krav til kjønnsfordeling og valgarheit iht NIFs lov §§ 2-4 til 2-7. Idrettskrinstinget 2018 gav idrettskrinsstyret fullmakt til å nemne opp representantar til Idrettstinget. For dei representantane som vert valde, vil det vere tilrådeleg å setje av tid til ein grundig gjennomgang av tingdokumenta når desse vert tilgjengeleg seinast 1 mnd før tinget.